

10 husvære fullført i Uskedalen i fjor

10.01.2011



10 husvære og 1 hytte vart ferdigstilt i fjor i Uskedalen medan totaltala for kommunen var 85 og 25.

I 2009 vart det ferdigstilt 51 husvære og 18 hytter og det er ein klar auke i byggjeaktiviteten. Dette går fram av ein byggjestatistikk frå rådmannen.

Byggjestatistikken fortel som venta at Husnes ligg på ein klar førsteplass med 27 husvære. 10 av desse ligg i det nye Kerst-bygget ved Statoilstasjonen.

I Dimmelsvik vart også 10 husvære ferdigstilt i fjor, medan det på Halsnøy vart fullført 8 husvære og 5 hytter og i Herøysund 8 husvære og 1 hytte.

Her er tala for dei andre bygdene:
Rosendal /Snilstveit 5 og 3, Valen 6, Mauranger/Ænes 2 og 3,
Sunde 3, Seimsfoss 3, Ølve/Hatlestrand 1 og 8, Løfallstrand 1 og 1,
Sandvoll 1 og Årvik/Hesvik 3 hytter.

Biletet: To husvære som vart fullført på Ytre Eik av Byggpartner Kvinnherad. (Foto: Ola Matti Mathisen)